

**Sakshandsamar:**

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

**Vår ref.**

Sak nr.: 17/7784-26

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

40994/18

**Dykkar ref.****Dato**

FØRDE, 04.09.2018

## Notat

---

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

### Vågsøy - søknad om støtte til turnhall, Skavøypoll IL

Skavøypoll IL i Vågsøy er eit idrettslag der turn er ei av dei største gruppene med vel 200 turnarar. Fleirbrukshallen i Nordfjordhallen vert i dag nytta til trening og konkurranse. Idrettslaget må rigge til for turn etter anna aktivitet er ferdig. Ein eigen basishall for turn med fastmontert utstyr gjer det tidseffektivt å legge til rette turn. Det er pr. i dag ingen etablerte turnhallar i Sogn og Fjordane, men basishall er under planlegging i Arena Stryn. Basishallen i Vågsøy vil kunne nyttast av både andre idrettar i Vågsøy til basistrening og av turnsporten i heile fylket til treningsamlingar og konkurransar. Planlagd turnhall på 23 x 44 meter, med tak-høgde på 9 meter, er tenkt etablert i tilknytning til Nordfjordhallen og inneheld tilleggsfunksjonar som nedfelt hoppegrop, lager, styrketreningsrom og aktivitetssal og er kostnadsrekna til 18,1 millionar kroner inklusiv mva.

Skavøypoll IL søker om fylkeskommunal medfinansiering, medan det er Vågsøy kommune som skal eige og bygge hallen og søkje om spelemidlar. Det vert lagt opp til ei driftsform der idrettslaget står medansvarleg for drift. Anlegget er planlagt på både kommunal og fylkeskommunal grunn. Det er ikkje avklart om overtaking av fylkeskommunal grunn.

Spelemiddelfinansieringa avheng av fleire tilhøve, og summen i tabellen må sjåast på som rettleiande.

Søklar, anleggstype	Søknad om fylkeskommunal støtte	Kostnad	Regional plan	Spelemidlar	Tilleggsfunksjonar
Skavøypoll IL, basishall for turn	1 500 000	18 100 000	Prioritert for tildeling spelemidlar i 2019	9 000 000	Lager Hoppegrop Styrketreningsrom Aktivitetssal

Fylkesdirektøren ser positivt på at det vert lagt til rette for variert aktivitet i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne typen tiltak, og den økonomiske ramma til hovudutvalet gir heller ikkje rom for tilskot i den storleik det her er snakk om. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemidlar. På den bakgrunn vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden vert avslått.